



DEN NORSKE KYRKJA

Balestrand sokn

MØTEBOK Balestrand sokneråd

Møtedato: 04.02.21

Møtetid: Kl. 19:30-21:30

Møtestad: Kyrkjestova

Desse møtte: Kari Kvikne (leiar), Kjetil Netland (geistleg repr.), Anne Karin Solheim Sjøthun, Berit Støle, Jenny Kristin Menes, Laila Vang, Ole Eilifsen, Per Tusvik, Kristi Nygård, Helge Ulvestad

Forfall: Jenny Menes, Per Tusvik.

Vara: Marit Vannes, Jan Herland

Saker:

01/21: Godkjenning av innkalling.

Ingen merknad.

02/21: Godkjenning av referat frå førre møte.

Ingen merknad.

03/21: Orienteringssaker:

- **Info om smittevern i forhold til:**

- a. Gudstenester: Pr no berre høve å samle inntil 10 personar. Ein ikkje opnar ikkje for gudstenester før det vert lov å samle fleire.
Det var halde utegudsteneste på Tjugum 01.02.21 med 65 frammøtte. Komande helg vert det utegudsteneste i gapahuken ved samfunnshuset på Kvamsøy.
- b. Digitale løysingar som alternativ til gudsteneste: Vi brukar eiga side på Facebook. Felles med resten av Sogndal vert det digitale gudstenester.
- c. Trusopplæring: Magni startar opp minikonfirmantundervisn komande veke innafor gjeldande smittevern.
- d. Andakt på Helsetunet: Er under vurdering.
- e. Diakoni: Middagssamlingar fortset innfor gjeldande smittereglar.

- **Bibeloversetting:**

Kjetil er engasjert til Bibelselskapet sitt prosjekt «Bibelen – lett å lesa».

- **Forslag takkebrev faste givarar.**

Med utgangspunkt i brev som Jostein har nytta tidlegare, har Kari har laga utkast med tekst om kva midlane er brukt til. **Viser til vedlegg.**

- **Støtte til diakonalt arbeide:**

Det er motteke søknad om midlar til middag i fellestova, Helsetunet. Midlane skal gå til kostnader i samband med middagsserveringa som pynt m.v. AU har gjort vedtak om å løyve kr 1000.- til tiltaket.

Vi kan dessutan selje Påsketidvandringa VIA LUCIS i år òg.
AU-vedtak: AU støttar tiltaket. Kjetil går vidare med saka.

- **Orientering frå fellesrådet.**

Helge orienterer frå møte den 27.01.21

Vedtak: Orienteringa vart teken til vitande.

04/21: Konfirmasjon.

Konfirmasjonen er beslutta utsett. Soknerådet må gjere vedtak om dette.

Vidare informasjon i møtet.

Framlegg til vedtak:

Etter drøfting med foreldre er konfirmasjonen føreslegen utsett til 27.august, konfirmantsamtale 21. august.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

05/21: Påskevandring 2021- krossvandring/Via dolorosa:

Kjetil har gjort framlegg om å produsere ein ny serie «Krossvandring - VIA DOLOROSA» for sal. Dette vert eit eige prosjekt som vi organiserer på same måte som salet av *Påsketidvandring* i fjor. Kunstnaren Magne Kristiansen er i ferd med å lage bilete. FluorLux AS i Stryn produserer, sender ut og fakturerer kundane. Vi har kontakt med Bispedømet og Bibelselskapet om samarbeid og evt økonomisk støtte.

Ved produksjonen av serien i 2020, kom prosjektet ut med overskot på kr 30 000. Kunstnaren er i år villig til å redusere honorar dersom salet medfører underskot.

Framlegg til vedtak:

Det vert sett i verk produksjon av ny serie «Krossvandring - VIA DOLOROSA.

Kjetil Netland føl opp produksjonen med impliserte partar.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

06/21: Vidare arbeid med *Grunnleggande retningslinjer førebuing til soknerådet.*

Viser til vedlagt utkast til dokument.

AU oppdaterte dokumentet som vert lagt fram for soknerådet. Det er ynskjeleg med ein idèrunde for å supplere og komplettere dokumentet.

Ein ber soknerådet gå gjennom dokumentet og vurdere om det

- dekker behovet for informasjon for soknerådet og evt andre
- om dokumentet dekker dei ulike tiltak gjennom året og kan brukast som eit godt arbeidsreiskap
- kven som evt skal få tilsendt dokumentet; (soknerådsmedlemene, tilsette, frivillige, andre ?).
- Forslag til endringar i layout og oppsett?

Det må avklarast korleis ein kan lagre dokument og vedlegg slik at sokneråd og andre involvert kan nå det på nettet. Helge har kontakta Ole Eilifsen om dette. Avklaring evt først i møtet.

Vedtak:

Soknerådet har ikkje merknad til dokumentet. AU arbeider vidare med dokumentet med vekt på årshjulet, samt lagring av dokumentet.

Samrøystes vedteke.

07/21: Innkjøp av salmebøker med stor skrift

Det er ønskeleg med ein del bøker med stor skrift for svaksynte. Det vert kjøpt inn 10 bøker til Tjugum og 5 bøker til Sæle. Det er undersøkt om fellesrådet har midlar til å dekke kostnaden. Det har dei ikkje og AU gjer framlegg om å dekke kostnadane over soknerådet sin konto 'offer til eige arbeid'.

Opplysningar i møtet: Kari opplyste at ein får betre pris ved å kjøpe 20 stk enn 15 stk grunna kvantumsrabatt.

Framlegg til vedtak:

Det vert kjøpt inn 20 salmebøker med stor skrift. Bøkene vert fordelt på Tjugum Sæle etter behov. Kostnadane vert dekkja over soknerådet sin konto 'offer til eige arbeid'.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

08/21: Gudstenesteplan våren 2021.

Det er sett opp gudstenesteplanen for komande halvår med atterhald om at smittevernreglane opnar opp for samling av fleire enn 10 personar.

I planen ligg fordeling av kyrkjevertfunksjonen som er fordelt på soknerådsmedlemene. Ber om at ein byter innbyrdes om dato ikkje passar og at Kjetil får beskjed om bytte slik at han oppdaterer i medarbeidaren.

Viser til vedlegg.

Ein drøfta alternativ ordning så lenge det kun er høve å samle 10 personar inne. Ein legg opp til kort utegudstenester og 'vandrenattverd' ved enkelte gudstenester inne i kyrkja med maks 10 personar til kvar tid. Dette likevel med atterhald om at smittevernreglane tillet det.

Offerliste:

Det er sendt ut framlegg til offertildeling (eiga kolonne i gudstenesteplanen).

Supplering:

Til gudstenestene den

- 07.02: lokalt kyrkjelydsarbeid
- 14.02: Kirkens nødhjelp
- 28.02: lokalt kyrkjelydsarbeid
- 07.03: Sygna vgs
- 14.03: lokalt kyrkjelydsarbeid
- 04.04: NMS Mali
- 11.04: lokalt kyrkjelydsarbeid

- 25.04: Alværa misjonssenter
- 02.05: Norea mediemisjon
- 13.05: lokalt kyrkjelydsarbeid
- 17.05: Sygnarussen sitt misjonsprosjekt
- 23.05: Normisjon
- 24.05: Vener av St Olafs kyrkje
- 06.06: Bedehuset Betel
- 27.06: KRIK

Vedtak:

Gudstenestep planen vert oppdatert endringar som følgje av endra dato for konfirmasjon. Kjetil lagrar på medarbeidaren og sender til impliserte partar.

Ein legg opp til kort utegudstenester og ‘vandrenattverd’ ved enkelte gudstenester inne i kyrkja med maks 10 personar til kvar tid. Dette likevel med atterhald om at smittevernreglane tillet det.

Offertildeling i samsvar med liste over.

Offer vert gjort vesentleg via vipps. Det vert sett fram skål for dei som gir med kontantar.

Samrøystes vedteke.

9/21: Tekstlesarkurs.

Gitte Torstad, soknediakon i Sogndal har formidla invitasjon til tekstlesarkurs hausten 21 for frivillige i alle sokna. Soknerådet drøftar behov og evt kven som reiser.

Viser til vedlegg.

Grunna koronasituasjonen kan kurset bli gjennomført vie teams.

Soknerådet går inn for å dekke kostnadane.

Vedtak:

Soknerådet melder attende at ein er positiv til kurset men må ha ein dato for å kunne legge fram for aktuelle personar.

Soknerådet dekker kostnadane og går inn for alternativ 1 så sant dette let seg gjere.

Samrøystes vedteke.

10/21: Årsmelding

AU tek sikte på ei noko forenkla årsmelding i høve til tidlegare. Kjetil arbeider med utkast saman med tilsette på kyrkjekontoret.

Utkast vert lagt fram i møtet for drøfting og supplering.

Årsmeldinga vert lagt fram å soknemøte når smittevernreglane opnar for tilstrekkeleg tal personar. Alternativt må årsmeldinga leggest på nettsida med informasjon om dette til soknet.

Vedtak:

Kjetil arbeider vidare med innsamling av data til årsmeldinga og redigerer utkast som vert sendt ut til soknerådet for godkjenning pr epost.

Samrøystes vedteke.

11/21: Rekneskapen for soknerådet

Viser til vedlegg.

Etter gjennomgang av nytt oppsett av rekneskapen, ser ein at følgjande må avklarast:

- innkjøpsrutinar
- bruk av OCR – system for sikker innbetaling ved bruk av KID nummer
- tal bankkontoar
- kasserer må veljast og settast i sving.
- Revisor må veljast.

Kari og Jostein har i samarbeid med Marta Kvikne (rekneskapsansvarleg på Kvikne) sett opp rekneskapssystem som ivartek godt behova for soknerådsøkonomien. Stor takk til desse som har lagt ned stort arbeid.

AU gjer forslag om flg. endringar:

- OCR ordning vert sagt opp pga. relativt høg årleg kostnad. Inneber at vi ikkje lenger kan bruke KID nummer ved innbetalingar. Storleiken på rekneskapen tilseier ikkje at dette er naudsynt.
- Forslag til innkjøpsrutinar: For å spare gebyr ved tilsende rekningar, foreslår AU at kyrkjetenar gjer innkjøp med fellesrådet sitt bankkort og at fellesrådskontoret sender krav til soknet ved slutten av året for kostnader som soknerådet skal dekke. Dette vil samle innkjøpa, gi mindre gebyr og gir momskompensasjon til fellesrådet. Kari drøftar dette med fellesrådskontoret før soknerådsmøtet.
- Ein slår saman alle bankkontoar i Sparebanken Sogn og Fjordane og seier opp konto i BRA-bank (fond for Kvamsøy kyrkje – oppretta for å få høgare rente, noko som ikkje lenger er tilfelle) og fører over midlane til konto i SSF.
- Tilgang til bankkonto: Anne Karin Solheim Sjøthun som òg må ha full disposisjonsrett.
- Val av kassarar: Framlegg er under avklaring og vert lagt fram i møtet.
- Revisor: Framlegg frå AU: Jarle Geithus, tidlegare tilsett i Sparebanken S&Fj.

Saka vert lagt fram for soknerådet med framlegg om ovannemnde endringar. Kari orienterer der om rekneskapsoppsett og soknerådet gjer endeleg vedtak.

Informasjon i møtet:

- Ein har ikkje lukkast i å få nokon til å sei ja til å føre rekneskapen.
- Revisor har sagt ja til å vere revisor.

Vedtak:

- OCR ordning vert sagt opp. Det vert funne i ordning for dei som gir faste gåver.
- Innkjøpsrutinar: For å redusere kostnader med gebyr vert dei som har høve å handle inn til kyrka oppmoda om samle innkjøpa. Det skal førast på kvitteringa kva kjøpet gjeld.
- Konto i BRA bank vert sagt opp og sum overført til konto i Sparebanken. Kontoane i Sparebanken Sogn og Fjordane vert slegne saman til ein konto og differensiering vert gjort i rekneskapen.
- Midlane som er gitt til Kvamsøy må avklarast i eiga sak. Helge får i oppdrag å undersøke nærare kring midlane og lage sak til neste møte.

- Anne Karin Solheim Sjøthun får tilgang til bankkonto og vert tildelt full disposisjonsrett.
- Val av kasserar: Kari arbeider vidare med å finne person til kasserarjobben. Vidare handsaming i neste møte.
- Revisor: Jarle Geithus har sagt ja og vert vald til revisor.

Samrøystes vedteke.

12/21: Kandidat Johan Nordal Brun prisen.

AU har ikkje framlegg. Soknerådet vert førespurt om det same.

Sjå vedlegg; statuttar for Johan Nordal Brun – prisen.

Vedtak:

Ingen vidare forslag frå soknerådet.

Samrøystes vedteke.

13/21: Diakonstilling.

Fellesrådet har sett av midlar til 10% diakonstilling som det ikkje har lukkast å få søkjar til. Magni Åm Risa som har 25% stilling som trusopplærar fekk tilbod om stillinga i fjor, men kunne då ikkje ta imot grunna anna stilling. Magni har no berre stilling som trusopplærar og signaliserer at ho har høve å ta stillinga.

Dersom dette vert aktuelt er Magni open for samtale om lokale behov og aktuelle løysingar.

AU ser det som svært positivt at Magni har høve å ta stillinga. Ho er godt kvalifisert og det er ein fordel å kunne slå saman så små stillingar. AU ser det som lite relevant å lyse ut så lita stilling der ein før ikkje har fått søkjarar.

Vedtak:

AU gir si støtte til at Magni Åm Risa vert tilsett i 10% stilling som diakon i tillegg til noverande 25% stilling som trusopplærar.

Dersom Magni vert tilsett, ynskjer soknerådet å drøfte lokale behov og løysingar på neste soknerådsmøte.

Samrøystes vedteke.

14/21: Ymse

- Spørsmål kring fjerning av kyrkjebenker for å gje betre plass for rullestol og småbarn.
Saka er fremja for mange år sidan. Er dette framleis like aktuelt?

Vedtak:

Tilrettelegging med betra plass og tilgang for rullestolbrukar må gjennomførast.

Spørsmål om å framleis lage plass for småbarn bak i kyrkja vert undersøkt nærare og teke opp som eiga sak og til ny vurdering. Kjetil undersøker.

Samrøystes vedteke:

- 17. februar er det skipingsmøte for stiftinga *Vener av Balestrand*. Kari sender ut informasjon til soknerådet.

Med venleg helsing
Kari Kvikne
leiar.